

Når Seigmens kritikarrote vokalist og frontfigur Alex Møklebust går på scena klokka 23 i kveld skjer det berre nokre steinkast frå heimen til bestefaren hans som heitte Kjell og var frå Brekktoppen. Han budde i det store huset som ikkje eksisterer lenger. Kjell gjekk bort for mange år sidan men dottera Berit som er mor til Alex lever og bur på Stord. Alex har delteke både i gravferda til bestefaren og slektsstemne i Uskedalen men det er første gong han opptrer på det som nesten kan kallast heimebane.

Familien flytta tidleg til Tønsberg og det var der Alex vaks opp. Han grunnla bandet Klissne Seigmenn saman med Sverre Økshoff, Noralf Ronthi, Kim Ljung og seinare Marius Roth. Han starta med å spela rytmegitar i tillegg til vokal,men då gitarist Roth vart med gjekk han over til å vera berre vokalist. Han vart kjent som frontfiguren saman med Ljung. Då Seigmenn vart oppløyst stifta han saman med Ljung og Roth bandet Zeromancer.

Seigmenn sa takk for seg i 1999 og i kjølvannet av det nye bandt oppsto det konflikter som gjorde det problematisk med ein gjenforeining, Men så møttes dei til ein 40-årsdag då alle 5 var samla att for første gong sidan 1999.

-Vi mimra mykje og det er utruleg kva ein pils kan gjera, sa Alex for 6 år sidan. No er han frontfigur i ein ny comebacksesong med sus over Kjem dei no til å halda fram saman også i åra som kjem?

Av Ola Matti Mathisen